



Utsikten Gaularfjellet © David Zadig



Hestad kapell © M. Hjortung

## Turskildring

# Gaularfjellet og Utsikten - ei eventyrleg reise gjennom Fosseheimen

**HEILDAGSTUR**, inkludert guide. Turen startar med ein komfortabel turbuss kl. 09:30 frå Førde og køyrer til Sande, kor vi går innom Mjølkerampen for ein nysteikt bolle og ein varm kopp kaffi. Vi tek med oss ombord nistepakkar frå Sande Kro og Hotell og held fram mot Hestad og det sjarmerande kapellet som ligg på den vakre landtunga mellom Hestadjorden og Viksdalsvatnet. Her får du omvising og eit kulturelt innslag, før turen går til Utsikten på Gaularfjellet kor lunsjen nytast på «piknikteppet» ute i det fri. Etter mat og drikke og ein kort køyretur er vi klar for å starte vandringen på Fossestien (ca 7 km, 3,5 t) som er tilrettelagt langs det verna Gaularvassdraget. Ved Myrvatnet ligg det stødige tandem- og barnekajakkar som du kan padle med ca 1 time (valfritt). Trygt framme på Flatheim gard får du servert eit velsmakande måltid og forfrisking. Returen med buss attende til Førde via Rørvikfjellet inklusiv fotostopp. Ankomst Førde ca kl. 19:00.

**HALVDAGSTUR**, inkludert guide. Turen startar med ein komfortabel turbuss kl. 09:30 og kl. 14:00 frå Førde og køyrer til Sande, kor vi går innom Mjølkerampen for ein nysteikt bolle og ein varm kopp kaffi. Vi tek med oss om bord nistepakkar frå Sande Kro og Hotell og held fram mot Hestad og det sjarmerande kapellet som ligg på den vakre landtunga mellom Hestadjorden og Viksdalsvatnet. Her får du omvising og eit kulturelt innslag, før turen går til Utsikten på Gaularfjellet kor nistepakken nytast på «piknikteppet» ute i det fri. På returen køyrer vi via Rørvikfjellet inkludert fotostopp med ankomst til Førde ca kl. 14:00/19:00.

## TURAR I SOMMAR:

27.juli, 28.juli, 29.juli og 30.juli.

### START/STOPP:

Alle turar startar og stoppar ved Førde Rutebilstasjon.

### PRISAR:

Halvdagstur vaksen	kr. 550,-
Halvdagstur barn u. 16 år	kr. 350,-
Heildagstur vaksen	kr. 950,-
Heildagstur barn u. 16 år	kr. 550,-

### PÅMELDING:

Påmelding [www.gokajakk.no](http://www.gokajakk.no) innan kl. 13:30 dagen før.  
Det må vere min. 15 stk påmeldt.

### AVBESTILLING:

Dersom avbestilling, send SMS til telefon 958 83 854. Vi gir ingen refusjon ved avbestilling.

## TID-TABELL HEILDAGSTUR

09:30	Transport	Avg Førde Rutebilstasjon
10:00	Mat	Sande: kaffistopp og lunsjpakke
10:30	Transport	Avg Sande til Hestad kapell.
10:45	Kultur	Omvising og kulturinnslag
11:20	Transport	Avg Hestad til Utsikten Gaularfjellet
11:50	Mat og foto	Utsikten og piknikk
12:35	Transport	Avg Utsikten til Langestøylen
12:45	Vandring	Langestøylen - Myrvatnet
15:00	Padling	Myrvatnet-Flatheim Gard
16:30	Mat	Måltid på Flatheim Gard
17:20	Transport	Avg. Flatheim Gard
17:50	Foto	Rørvikfjellet
18:05	Transport	Avg Rørvikfjellet
18:50		Ankomst Førde Rutebilstasjon

## TID-TABELL HALVDAGSTUR formiddag og ettermiddag

09:30 / 14:10	Transport	Frå Førde Rutebilstasjon
10:00 / 14:40	Mat	Sande: kaffistopp og nistepakke
10:30 / 15.10	Transport	Avg Sande til Hestad kapell
10:45 / 15:25	Kultur	Omvising og kulturinnslag
11:20 / 16:00	Transport	Avg Hestad til Utsikten Gaularfjellet
11:50 / 16:30	Mat og foto	Utsikten og piknikk
12:35 / 17:15	Transport	Avg Utsikten til Rørvikfjellet
13:10 / 17:50	Foto	Rørvikfjellet
13:25 / 18:05	Transport	Avg Rørvikfjellet
14:00 / 18:50		Ankomst Førde Rutebilstasjon



Bolle frå Mjølkerampen © David Zadig



Vandring på Fossestien © CH/ IN



Padling på Myrvatnet © W. Hansen



Måltid på Flatheim Gard © W. Hansen